Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Skav

Oppskr. av: Olav Bakken

(adresse): Flatdal

Fylke: Telemark

Herad: Seljord

Bygdelag: Vanglim

Gard: Bakken

G.nr. 114 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Skav.

1. Føraset for kretûri var vanleg stråfor (høy og halm) og so skogeskrap. Til det siste høyrde møse, busklyng. Leit og brom og bar (av gran og furû) og so skav- av ymse lauv-ved.

2. Skav er no kome or bruk, men møse og ris og bar, vert endå nytta.

3 Å skava, skavar, skava, skava men og nytta sterk bøyging (skjev, skóv, skave)

4. For 40-50 år sea var skav nytta, helst om våro som drygsel for høyet i vårknipa. Det vart halde for å vera svært nærande og kraftigt.

5. Det var bjørk og raun og osp og or; - selju og vier (hisser) var ûvandare og difor mindre nytta, seier Kari Ekre f. 1868

6-7 Ukjenot her.

8. Kyr og geiter fekk skav - å ga smôlog med, men hestar måtte ikkje få det, for dei fekk makk i magen av det.
Skavet fekk dei „einaste", når det høvde i bytter og sear eller i tome båsar.

915

2

9. Som alt anna skogsstrapp, var det nok smått med mjølk og smør – det gav helst tunn mjølk og liten fel (rjomelag), men det var ei matarmon og ei naudsberging.

10. Det var råveden, tek beint av stuven, ein nytta. Husfaren hogg opp kveldveden og bar inn i kroi ved gruva. Til tidstrøyte, med kubbane låg på brass-steinen og eldsmølet lyste og vørmde, sat gjætmannen og skav brand for brand. Hesjeved ikkje nytta.

11-12 Å hogga beit, beitekosten gav skav-ved.

13 Marka (utg.)

14. På skaren om våren hogg dei den beiti som vart nytta til å skava av.

„Langfredagsgjerdsla", var ris på sengi; om den skikken var nytta her, er lett uvisst.

15. Inne ved gruva (Kfr. 10.)

16. Ein vanleg kniv, tjå brødkniv, eller ein smia med tange og blad.

17-18 Branden vart sett ned mot golvet eller ein låg stabbe, eller mot åregrima, og rundbrikke når nevri var flett av. (bjørk) – Skavtal. utg.

19. Ein sitt tar og held branden eller pinnen med venstre hand (keiva) og spikkar med retta (høgre hand)

20. Skav ved

21. skav – skavet – skav – skavi

22. Vanleg brannslengder, 20-30 cm.

23. Namnlaust 24. Ikkje regel.

25. Skavveden etterpå brann godt og var lett å turke i spisskrai.

26. No er det heilt av bruk – etter år 1900 kom det meir og meir vekk.

O. T. Bakken
21-12-47

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING